



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/124021-7

Dykkar referanse:  
20/2334

Vår dato:  
16.09.2022

### Svar på spørsmål om å trekkje motsegn til planframlegg – Detaljregulering – Bruvoll bustadområde – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 12.07.2022. Brevet er sendt til Statens vegvesen saman med eit notat utarbeidd av Lavac AS. Det er gjort ei vurdering av eksisterande Hundvin bru si bereevne og tilstand. Alver kommune spør om Statens vegvesen kan trekkje motsegna som er fremja til detaljreguleringsplan for Bruvoll bustadområde, dersom ein ved framtidige teikningar og berekningar kan stadfeste det som er formidla i notatet.

Statens vegvesen viser til førebels tilbakemelding, sendt sakshandsamar Ole Martin Bolset pr. e-post den 31.08.2022. Som det går fram her har det vore noko uklårt kva roller dei ulike instansane (Statens vegvesen, Alver kommune og Vestland fylkeskommune) har i ein prosess der problemstillinga gjeld ei bru som går over fylkesveg.

Vi har sett på notatet som baserer seg på framtidig bruk av dagens bru. Dette svarar ikkje ut motsegnspunktet som Statens vegvesen har fremja i høve til trafikktryggleik. For at vegvesenet skal kunne trekkje motsegna i saka må det etablerast eit tilbod til mjuke trafikantar over brua. Også utrykkingskøyretøy (til dømes brannbil) må kunne køyre på brua utan fare for mjuke trafikantar. Det må etablerast eit gjennomgåande tilbod for mjuke trafikantar (fortau) over brua. Med omsyn til trafikktryggleik og drift- og vedlikehald kan minimumsbreidde ikkje vere mindre enn 2,0 meter. Køyretøy som skal drifte brua vinterstid må ha dokumentert rettighet til å køyre på og snu innpå privat veg f\_skv5. (Dersom denne vegen framleis skal vere regulert til privat fellesveg).

Statens vegvesen hadde den 09.09.2022 eit møte med Vestland fylkeskommune. Alver kommune var invitert til dette møtet, men kunne ikkje delta grunna kort varsel. Hovudutfordringa i saka er at eigartilhøva knytt til denne brua er uavklart. Ut frå det vi har av dokumentasjon kan det sjå ut som denne brua privat eigd. Brua er etter det vi kan sjå

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

regulert til fellesveg (ikkje offentleg) i framlegget til reguleringsplan, noko som støttar opp om denne oppfatninga.

Det er vanskeleg for vegmyndigheitene å kunne akseptere denne brua som tilkomst til eit nytt bustadområde, all den tid det ikkje ligg føre klare avtaler knytt til drift- og vedlikehald av brukonstruksjon og vinterdrift. Når bru og tilkomstveg no skal betene eit nytt bustadfelt meiner Statens vegvesen at kommunen sjølv bør stå som eigar av brukonstruksjonen og ta på seg tilhøyrande ansvar for drift- og vedlikehald knytt til denne.

Om ein skal velje å utbetre dagens bru, eller byggje ei ny bru tek ikkje Statens vegvesen stilling til. Løysinga som skal utgjere einaste tilkomst til Bruvoll bustadområde må vere dimensjonert for og tilpassa den planlagde bruken. Alver kommune må som ansvarleg planmynde gå god for brukonstruksjonen som skal betene planområdet og sørge for at denne er godkjend av Vegdirektoratet før vedtak av reguleringsplan.

Då det er fleire uavklarte spørsmål i denne saka ønskjer vi å invitere Alver kommune til eit møte, der både Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune er representert. Føremålet med møtet er å mellom anna avklare spørsmålet om eventuell omklassifisering til kommunal veg. Vi ber om at kommunen sender oss nokre alternative datoar/tidspunkt som kan passe, som eit utgangspunkt for å få i stand eit Teams møte om denne saka.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER